



## ÅRSMELDING SKULEÅRET 2016-17

SKULE: \_\_\_Meland ungdomsskule\_\_\_

<b>Nøkkeltal GSI .2015-16</b>		
	Tal	Evt. kommentar
Elevtal skule	132	
Elevtal SFO	-	
Tal lærarar	22	
Årsverk ped. Personale	16	
Assistentar, årsverk	2,49	
Årstimar utført av undervisningspersonale	10488	
Årstimar gitt til ordinær undervisning	6711	
Lærartimar til spesial-undervisning §5-1	1083	
Administrasjonsressurs i %, Rektor/inspektør	150%	Rektor 90%, insp 60%

<b>Læringsmiljø</b>		
Tema	Mål/tiltak	Resultat/vurdering
Elevundersøkinga	Læring og trivsel for alle	Skulen har greie resultat på mange indikatorane, men er ikkje nøgd tala for mobbing. Tala på 10.trinn var spesielt dårlege, medan snitt for heile skulen var betre. Skulen tatt opp saka med elevar og FAU, og opplever å ha god oversikt. Framover vil vi gjennomføre fleire ikkje-anonyme mobbeundersøkingar. Elles ser vi klar betring frå førre undersøking på resultatata «lik handsaming av reglar», noko vi i personalet valte å fokusere på dette skuleåret.
Betre læringsmiljø	Halde fram arbeidet med god	Skulen arbeider medvite i høve til

	klasseleiing.	god klasseleiing og relasjonsarbeid, også som oppfølging av elevundersøkinga. Vi har organisert samarbeidet mellom lærarar slik at vi har fleire klasselærarmøte der målet er å vere endå betre koordinerte i oppfølginga av elevar.
Zero	Null-toleranse i høve til mobbing.	Samarbeid med andre etatar og ressursmiljø for å endre kulturar i elevmiljøet har også i år vore viktig. Orden-og åtferdsreglementet har fått inn ei presisering av elevar som ikkje stoppar med mobbing kan måtte bytte skule.
Trivselsprogrammet	Vidareføre trivselsprogrammet	Trivselsprogrammet er ein viktig del av skulen sitt førebyggjande arbeid mot mobbing. Det at alle elevane har noko å gjere på i friminutta medverkar til betre elevmiljø. Skulen har fått utandørs bordtennisbord, og ny balansestokk – begge delar ser vi bidreg til positiv aktivitet.
Fysisk skulemiljø inne	Ha eit triveleg og forsvarleg innemiljø.	Skulen har fått eit flott nytt mat- og helserom etter opp-pussing i mars. Elles er det behov for utskifting av gammalt møblement, både i kantina og i klasserom.
Fysisk skulemiljø ute	Ha eit triveleg og forsvarleg utemiljø.	Utebordtennisbord er på plass, og utskifting av dekke på ballbane er under planlegging. Ny balansestokk er på plass – organisert og levert av pensjonert lærar! Basketbane og volleybane er snudd slik at dei kan brukast parallelt.
Miljøfremjande tiltak	Legge til rette for fellesopplevingar og positive tiltak for meistring og relasjonsbygging.	Haustur eller-aktivitetsdag for alle elevar, vintersportsdag, faglege ekskursionar som også har miljøbyggande fokus. Zerodag på våren med framsyningar, fotballkamp og grilling. Obligatorisk kveldsskule for alle elevar med tema mobbing. Foreldre er med i førebuing og har godt oppmøte (om lag 100 foreldre). I år var også politikarar invitert. Mangel på

		gymsal/samlingsrom gjer fellesaktivitetar vanskelegare å arrangere enn på andre skular.
IKT for elevane	Mål med meir fleksibel bruk av digitale hjelpemiddel/IKT-verktøy	Digitale tavler er montert i alle klasserom, men manglar på spesialrom. Det er bruk for auke i tal elev-PCar og erstatning for gamle PCar.

## Eleven sitt læringsutbytte

Tema	Mål/tiltak	Resultat/vurdering
Undervegsvurdering	Alle føresette skal ha tilgang til undervegsvurdering i Visma Flyt	Skulen brukar Visma Flyt skule til skriving av vurderingar til utviklingssamtalane. Desse vurderingane er tilgjengelege for føresette og det er formidla ei forventning om at føresette har lese gjennom vurderinga før utviklingssamtalen. For oss har dette vore positivt og ein har fått meir ro rundt samtalen ettersom ein ikkje må formidle mykje informasjon på veldig kort tid. Evaluering i FAU er positiv og det kjem fram at foreldra vil at vi skal fortsetje med ordninga.
Sluttvurdering	Gode resultat, over landssnitt.	Grunnskulepoeng er 43,4 på M.u.sk. mot nasjonalt 41,1, og vi er godt nøgd med resultatata.
Leksehjelp	Tilrettelegging. Har mål om å tilby ope lekserom, sjølv om dette ikkje er lovpålagt oppgåve i u.sk.	Ope lekserom etter skuletid to dagar i veka der elvane har tilgang på datamaskinar og vaksenstøtte. Brukt av ei lita gruppe elevar. Legg til rette for at elevar som ikkje har PC heime kan få tilgang til digitale hjelpemiddel på skulen.
Særskilt språkopplæring	Målet med særskilt språkopplæring er at elevane skal kunne følgje ordinær opplæring.	Skulen leverer særskilt norskopplæring, men det kan vere ei utfordring å ha tilstrekkeleg kompetanse og ressursar på plass dersom det dukkar opp elevar som ikkje snakkar norsk i det heile.
Spesialundervisning	Målet med spesialundervisninga er at elevane som får det får eit likeverd opplæringstilbod.	Spesialundervisninga er gjennomført i tråd med anbefaling frå PPT. Det er starta ein dreieing mot meir hjelp inne i klasserommet i staden for ute i grupper.
Lokalt læreplanarbeid	Oppfølging av sentralt gjevne føringar i K06, koordinering mellom faglærarar.	Lokale læreplanar reviderast kvar haust. Vi har i større grad klart å implementere satsingane vår inn i faga, men vil arbeide vidare med dette. Samstundes må vi sjå fram mot nye fagplanar som kjem om to år.
Utviklingsarbeid	Implementering av vedtekne satsingar; Zero, lesing, realfag	Zero-arbeid har jamleg fokus både på system i høve til førebyggjande arbeid, men også for å følgje opp

		<p>einskildsaker. Kommunal leseplan er vedteken og sett i verk, men vi ser at den «må haldast varm» - bruk av ressurslærer for å gjere dette. Realfagssatsinga er lagt til faga naturfag og matematikk, og kjem for alvor i gang haust 2017. Metodar som er nytta og erfart som gode; Erfaringsdeling i kollegiet, nettverksamlingar og tema på lærarmøter, bruk av «Lasson study» der lærarane observerer elevane sin læring etter å ha planlagd timen i lag og evaluerer etterpå. «Lesson study» er tidkrevjande, men er relevant og viktig – vi vil gjennomføre metoden også neste skuleår.</p>
--	--	--

<b>Faglege resultat</b>		
<b>Tema</b>	<b>Mål/tiltak</b>	<b>Resultat/vurdering</b>
Nasjonale prøvar	Gode resultat, over landssnitt	Varierende resultat, og lesekurs er eitt av tiltaka. Vi har fokus på å løfte elevane sine resultat frå 8.tr. til 9.tr. og klarte det i fjor. Kullvariasjonane kan vere store ettersom det er relativt få elevar på kvart trinn.
Eksamen	Gode resultat, over landssnitt	Munnleg; gode resultat (over eller på nasjonalt nivå). Skriftleg: matematikk 3,4 (nasjonalt 3,4), norsk hovudmål 3,5 (nasjonalt 3,4), norsk sidemål 3,9 (nasjonalt 3,3).
Grunnskulepoeng	Gode resultat, over landssnitt	Skulen har gode resultat, 43,3 mot nasjonalt nivå 41,4.

<b>Medarbeidarar</b>		
<b>Tema</b>	<b>Mål/tiltak</b>	<b>Resultat/vurdering</b>
Etterutdanning	Auke kompetanse og meistringsoppleving i arbeidet	Tilsette deltak på ulike kurs som er spissa til arbeidsoppgåvene. Skulen har kompetansen som trengs i dei fleste fag og det er fleire med lektor-kompetanse. Vi

		treng å bygge ut kompetansen i norskfaget.
Vidareutdanning	Mål å få fagleg påfyll i høve til ny og forskingsbasert kunnskap, samt oppfylle kompetansekrava.	Skulen har hatt 1 lærar på vidareutdanning skuleåret 2016/2017. Det er ønskjeleg å få vidareutdanna lærarar kvart år.
Leiarutdanning	Mål å vidareutvikle og betre leiarkompetansen	Rektor har vidareutdanning i skuleleiing (rektorskulen), men deltek også i kursrekker som t.d. «Rektors styringsrett og –plikt» (nov 2016, regi Skolelederforbundet).
Utviklingsarbeid	Zero, lesing og realfag	Personalet har nytta planleggingsdagar og utviklingstid gjennom året til kompetanseheving alle område. Kommunal leseplan er vedteken og sett i verk. Realfagssatsinga er lagt til faga naturfag og matematikk, og kjem for alvor i gang haust 2017.
Medarbeidarundersøkinga	Resultat som syner trivsel og meistring i arbeidssituasjonen.	10-faktor gjennomført vår 16, og analysert og følgt opp haust 16. Resultat på og over landssnitt på neste alle indikatorar. Syner stor trivnad på skulen.
IKT	Kunnskap om bruk av digitale verktøy i skulekvardagen.	Alle tilsette har eigen pc, og vi går etter kvart over frå stasjonære til berbare PCar. Skulen driv noko intern opplæring i bruk av verktøya lærarane treng. Ser at vi treng meir opplæring, særskilt ved overgang til nye system/program.

<b>Kompetanseutvikling</b>		
<b>Tema</b>	<b>Mål/tiltak</b>	<b>Resultat/vurdering</b>
Leiaropplæring, skuleleiarar	Styrke skuleleiarskapet	Rektorsamlingar fungerer delvis som leiaropplæring i form av erfaringsutveksling og samarbeid om utviklingsprosjekt.
Pedagogar	Kompetanseheving	Regional nettverk for ungdomstrinn der rektor og medlem frå ressursteam/plangruppe deltek. Kommunale realfagsnettverk der ein fast lærar er med i tillegg til rektor og andre faglærarar.

		TL-leikekurs for alle lærar med fokus på praktisk læring i faga. Ein lærar på vidareutdanningsprogram, fullført vår 17. Bruk av Lesson Study.
Andre tilsette	Fagleg oppdatering	Felles kurs for assistentar på planleggingsdag

<b>Vurdering av andre område</b>		
<b>Tema</b>	<b>Mål/tiltak</b>	<b>Resultat/vurdering</b>
Samarbeid med andre (BUP, PPT, Barnevern osv.)	Skulen har mål om eit godt samarbeid med eksterne samarbeidspartar.	Samarbeidet har vore viktig og er styrka dette skuleåret. Skulen opplever å få betre resultat i vanskelege saker når det tverrfaglege samarbeidet er sterkt. Helsetema fungerer godt. Det er også etablert meir samarbeid med Danielsen u.sk. i oppfølging av grupper av elevar, og i einskildsaker. Har hatt temabaserte møte med grupper av foreldre, der relevante einingar/kompetanse både i kommunen og eksterne einingar har tatt del.
Samarbeid heim-skule (utviklingssamtalar og foreldremøte)	Skulen legg opp til eit godt samarbeid med heimen.	Vi har fokus på skule-heim samarbeid på foreldremøtet om hausten. Vår 2017 hadde vi kveldsskule med elevar og foreldre saman med godt oppmøte.
Rådsorgan ved skulen.	Systematisk og godt samarbeid.	FAU og klassekontaktar har eit godt samarbeid med skulen, har arbeida meir systematisk med årshjul og faste aktivitetar. Foreldre bidreg i fleire samanhengar kring kvelds- og trivselsaktivitetar.
Undervisning på alternativ opplæringsarena.	God kvalitet på alternative undervisningsopplegg som blir levert av andre enn skulen	Skulen samarbeider med Ypsøy kystgard og TAM (trivsel-aktivitet-meistring) i regi av Gjensidigestiftinga og Noregs jakt- og jegerforbund. Svært gode erfaringar med Ypsøy, god tilpassing og viktig alternativ læring for elevar. Også gode resultat på TAM, men 16-17 var oppstartsåret, og vi ser at vi skal

		arbeide for betre koordinering mellom TAM og skulen.
--	--	--

<b>Skulefritidsordninga</b>		
<b>Tema</b>	<b>Mål/tiltak, aktivitet</b>	<b>Resultat/vurdering</b>
Fysiske tilhøve		
Personalsituasjon		
Samarbeid SFO og skule		

<b>Skulane sitt kontrollarbeid</b>		
<b>Tema for kontroll</b>	<b>Lovbrot</b>	<b>Tiltak</b>
Revisjon rekneskap	ingen	-
Miljøretta helsevern	Meldt inn nokre avvik	Alle avvik er retta opp
§9a	Ingen klagesaker	-
<b>Klager</b>	<b>Tema</b>	<b>Antall</b>
§9a Opplæringslova	Gjennomført vedtak og oppfølging	Tre ulike vedtak
Standpunktkarakter	Fulgt prosedyre	To klagar
<b>Risikoområder</b>	<b>Tiltak</b>	
Beredskap	Skal ha nye førstehjelpskurs skuleår 2017-18	Annakvart år førstehjelpskurs for alle, kvart år for dei som har symjing
	Tiltakskort og beredskapsplan utarbeidd	Personalet er gjort kjend med prosedyre for ulike situasjonar.

Dato: \_\_01.11.2017\_\_ Underskrift rektor: \_\_Hilde Brendehaug Hugaas\_\_